

Norsk Etnologisk Gransking

Emnenr. 2

Fylke : Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad : Ullensvang

Emne : Transport av høy

Bygdelag : Vikebygd

Oppskr. av : Torald Rogdo

Gard : Rogdo

(adresse) : Nå, Hardanger

G.nr. 62 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Vilhelm Rogdo, 51 år, gardbrukar i Ullensvang.

S V A R

1. Ja, på dei små gardane vantar ofte hest.

Det er svært få som slær i utmarka no.

Dei fleste slutta for ikring 50 år sidan.

På husmanns- og småbruk har utmarksslåtten halde seg lenger enn på større gardar.

Ein mann som ikkje eig hest lyt bera inn det aller meste av høyet. Noko løyper han gjerne.

2. Stakkar vert ikkje brukte. Dersom der er veg,

vert høyet køyrt til utløa, elles vert det bore.

Her er ikkje nokon nemnande transport på graset til hesja eller turkeplassen. Einast sume stader ber ein det på tog.

Ein held toget over akslene når ein ber ei byrd.

Stundom får beraren hjelp til å reisa seg med byrda. Hjelparen står bak og lyfter.

Dei vaksne karane bar byrder. Born kunne stundom hjelpa til med å raka.

Snorsekk vert ikkje brukt.

Løypestrenger vert brukte mest på kvar gard.

Det er ca. 50 år sidan me byrja med løypestrenger her i bygda.

Kipor, trillebårer, bårer eller liknande reiskapar vert ikkje brukte.

3. På dei fleste stader vart høyet køyrt heim om sumaren. Utløor er det få som har.

4. I høyonna brukar me vanleg slede med to hjul. Fire hjul vert aldri brukt.

Høyslede eller langsleder.

Høyvogna kallar me slede om ho berre har to hjul. Høyslede med hjul framme og meiar bak er det sume som brukar.

Slike sledar vert ikkje skodde.

Slike reglar fanst ikkje.

Kornet vart byrda og køyrt som høyet.


Noko til å halda høyet på vogna med vart ikkje brukt.

3-4 byrder går på eit lass. Noko reglar for det siste lasset fanst ikkje, men det kunne ofte høvart det vart større enn dei andre.

Ikkje noko høy skulle liggja att.

Lasset vart fest med tog eller høytong.

Høytonga ser slik ut:



Det heiter gyrdetog.

Å snøra eller å gyrda.

Hovoldet til gyrdetog er kraftigare og enklare enn til byrdetog.

To hestar vert aldri brukt.

5. Samslått vert ikkje brukt no.

6. Det er få som transporterer høy om vinteren.